

**Type hus:**

Hytte/atelier.

Opprinneleg eit naust som vart ombygd til «atelier» ein gong mellom 1897 og 1906. Truleg pga av at William Singer ynskte dette og fekk Fabritius med seg på det?

Opprinneleg frå: G.Br.F.nr:**Byggeår/-periode:****Nåverande plassering: G.Br.F.nr:**

187/1/981

Restaureringar/ombyggingar

Eit bilete frå 1897 viser den originale bygningen som var eit naust, medan eit bilete frå 1911 viser "Studio" ombygd ved at røstet er snudd og huset er lafta høgare med brattare takvinkel. (Sjå i Jutulen 2013, s.8 og 9). Etter ombygginga vart naustet/atelietet panelt innvendig, og på denne panelen har kunstnarane Singer, Griffin og Borgord skore inn navna sine i 1906 og 1907. (Sjå bilete)

Skålen på vestsida er bygd av far til Arthur Sclater rundt 1930. Han bygde og doen på austsida av nabo-naustet denne tida. (Kjelde: Tor Stallvik i gjestebok for Klonesbuene)

Ottar Løkken restaurerte hytta på siste halvdel av 1970-talet. Nytt dæltak både på Studio og på skålen? Det vart mura opp ny Lecapipe. Med på arbeidet var Ola J Kleiven, Jørgen? Skogum og Steinar Løkken. Steinar hugsar at dei kvilte i Kvarberg/Snerle-bua. Dei rodde pussesand til pipa frå andre sida av osen.

Omtaler/gamle bilete av bygnaden

Marit Campbell kalla denne hytta "Studio". Årsaken er ettersom Gaute Vole fortel at hytta vart burtlånt til ein kunstnar. (Singer) Kunstnaren ville ha lys frå nord, og naustet vart ombygd og røsta "hin vegen" med vindauge nordvendt og noko opp på veggen.